



# **KÅRINGSSJÅ OG LANDBRUKSDAG** **SØNDAG 02.OKTOBER**

**v/ungdomshuset "Dalheim", Hundvin frå kl.09.00**

Lindås og Meland sau og geitavlslag inviterer til vår årlege kåringssjå/landbruksdag.

## **Program:**

Bondelaga i området vil stilla stand med info om landbruket.

Stor utstilling av traktorar og aktuelt utstyr, med "messetilbod".

Det vert utstilling av Jaktborder-hundar. Her er det muleg å slå av ein jaktprat og evt gjera seg eit godt kjøp.

Ridetur eller tur med hest og vogn. Me har også med oss ein salmakar .

Quiz for små og store. Det vert høve til å tippa vekt på eit lam, så her kan julematen sikrast!

Kåringssjå av fine værslam.

**Nytt av året er at det vert auksjon på kåra værslam med utropspris på 1200 kr, så her er det mogeleg å gjera eit kupp !!**

## **Demonstrasjonar av :**

Saueklypping.

Bruk av gjetarhund.

Utskjering av figurar med motorsag.

Hogstteknikk, bruk av vedmaskin, bruk av fliskuttar.

.

## **Det vert også utstilling og sal av ymse produkt:.**

Rosemaling, porselensmaling, syng av vesker, strikking, filting, hekling, heimelaga lefser, drops, aloe vera produkt, såpe og fine saker av angoraull.

Lokal mat og eple frå Hardanger.( atterhald om veret.)

Det vert sal av div grillmat frå Nortura.

Ta med familien, og ver med å oppleve litt av det landbruket har å by på i Nordhordland.

Påmelding av værslam til kåring må vera landbrukskontoret i Lindås i hende seinast torsdag 29.09.11. Kåringssavgift er kr 100 pr dyr.

*For spørsmål ta kontakt med Anders Konglevoll mob. 92498929*